

Saksbehandlar: Knut Grinde, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 17/9551-2

Høyring - forslag til ny opplæringsmodell for ambulansefaget

Fylkesdirektøren for opplæring rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser utfordringar med dei strengare krava til kompetanse og alder i den nye akuttmedisinforskrifta, både i forhold til rekruttering og kostnader. Men med den nye forskrifta innført, gir fylkesdirektøren slik tilråding:

- ambulansefaget blir utvida til opplæringsmodell på fem år
- modellen bør vere 3+2, i staden for 2+3, der Vg3 ambulansefaget skjer i skule, med veksling og tett samarbeid med bedrift
- det bør vurderast å innføre styrke og fysisk form som inntakskrav for dette faget
- lærebedriftene dekkjer kostnader for førarkort klasse C1 og kompetansebevis for utrykkingskøyretøy (kode 160)
- ambulansefaget bør ha dei same rammene som andre avviksfag, t.d. dataelektronikar- og automatiseringsfaget, og endring i samsvar med dette vil medføre kostnad for eitt år ekstra i skule

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet har sendt forslag til ny opplæringsmodell i ambulansefaget på høyring, med svarfrist 14. mars 2018. [Høyring ambulansefaget](#)
 Høyringa handlar berre om ny opplæringsmodell for faget, nye læreplanar vil bli utarbeidde etter at ny opplæringsmodell er vedteken. Det vil komme eiga høyring på forslag til nye læreplaner.

2. Kvifor ny modell

Som resultat av ny forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk naudmeldeteneste m.m. (Akuttmedisinforskrifta), som tredde i kraft 1. mai 2015, må dagens opplæringsmodell i ambulansefaget endrast. Den nye forskrifta stiller strengare krav til kompetanse og alder for dei som skal bemanne ambulansetjenester enn det den gamle forskrifta gjorde. Dette gjer det uråd med dagens modell å gi verdiskaping i faget, noko som er eit vilkår for fagutdanning som opplæringsmodell, og ein kan risikere at faget vil falle bort med dagens ordning.

3. Saksopplysningar

Akuttmedisinforskrifta, med presisering i Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt rundskriv I-5/15 av 30. april 2015 (§ 11), inneber mellom anna at begge personane på ambulansen må ha:

1. Førarkort for aktuell køyretøyklasse, i praksis klasse C1 (lett lastebil)
2. Kompetansebevis for førarar av utrykkingskøyretøy (kode 160). Her fastset Utrykkingskøyretøyforskrifta § 6 at for å oppnå slikt bevis, må førar ha fylt 20 år og ha hatt førarkort klasse B uavbrote dei to siste åra
3. Autorisasjon eller lisens som helsepersonell

Tidligere kunne lærlingane vere andremann på ambulansetjenesten sjølv om dei ikkje hadde køyrefagleg kompetanse, men endringa i akuttmedisinforskrifta stiller krav til køyrefagleg

kompetanse også for å kunne vere andremann på bilen. Grunngevinga for strengare krav er å sikre at den som har best medisinsk kompetanse på ambulansen ikkje er tvinga til å vere sjåfør, men kan ta seg av pasienten i staden. Når dagens lærling ut frå dette skal bemanne ambulansebil, må det vere som ein tredje person.

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag understrekar at ambulanséfaget må utviklast særleg innan tre hovudområde: 1) ambulansemedisin og akuttmedisin, 2) ambulanseoperative emne og 3) køyroteknikk og transport av pasientar. Det er viktig at faget har ein modell og eit innhald som møter krava til kompetanse på alle desse tre områda.

I distrikt med avgrensa befolkningsmengde kan det vere utfordrande å sikre likeverdige tenester i alle delar av landet. Fagleg råd for helse- og oppvekstfag foreslår difor at Vg3 ambulanséfaget skal rekruttere frå Vg2 helsearbeidarfaget i staden for Vg2 ambulanséfag som i dag. Vg2 helsearbeidarfaget er ei utdanning som er tilgjengeleg over heile landet, noko som gjer det lettare å rekruttere lærlingar med tilhøyr i distrikta.

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag peiker på at innhaldet i ambulanséfaget i stor grad har vore retta mot å gi elevar og lærlingar kompetanse for å kunne hjelpe akutt sjuke eller skadde pasientar. Men med aukande tal eldre må ambulansetenesta også ha god kompetanse i geriatri. Dei må gjerast i stand til også å delta i pasientforløp der pasienten har ein tilstand som gjer det muleg å gi tilbod i heimen eller i kommunehelsetenesta, i samsvar med m.a. måla i samhandlingsreforma. God grunnkompetanse innan helsearbeidarfaget vil difor bidra til å auke fagarbeidaren sin totale fagkompetanse, og ei utviding av opplæringstida vil då vere fornuftig.

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag foreslår at opplæring i ambulanséfaget blir utvida med eitt år, frå dagens 2+2-modell til 2+3-modell. Det vil dermed totalt ta fem år for å bli ambulansearbeidar, to år i skule og tre år i bedrift. Dette vil tilfredsstille kravet i den nye akuttmedisinforskrifta, og det aukar kompetansen til ambulansearbeidarar.

Ambulanséfaget		
Autorisasjon som ambulansearbeider		
Fagprøve		Fagbrev i ambulanséfaget
5. år	20-21 år	Ambulanséfag (opplæring i bedrift)
4. år	19-20 år	Ambulanséfag (opplæring i bedrift)
3. år	18-19 år	Vg3 ambulanséfag (opplæring i bedrift)
Inngåelse av lærekontrakt		
2. år	17-18 år	Vg2 helsearbeiderfag (opplæring i skole)
1. år	16-17 år	Vg1 helse- og oppvekstfag (opplæring i skole)

Forslag til ny opplæringsmodell for ambulanséfaget

Utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag				
Videregående trinn 1 (Vg1)	Videregående trinn 2 (Vg2)	Videregående trinn 3 (Vg3) eller opplæring i bedrift		
1. år	2. år	3. år	4. år	5. år
Helse- og oppvekstfag	Helsearbeiderfag	Ambulanséfaget		

Forslag til innplassering i tilbudsstrukturen

Modellane viser at ambulanséfaget skal bygge på Vg1 helse- og oppvekstfaget og Vg2 helsearbeidarfaget, med to år i skule og tre år som lærling. Femte året er lærlingen 20-21 år, og dette blir verdiskapingstida der lærlingen kan vere andremann på ambulansen.

4. Økonomiske og administrative konsekvensar

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag tilrår at Vg3 ambulanséfaget skal bygge på Vg2 helsearbeidarfaget. Dette er mellom dei største yrkesfaga, og alle fylka har tilbodet. Med utgangspunkt i tal lærlingar i ambulanséfaget i dag meiner fagleg råd at elevar på dagens Vg2

ambulansesfag kan flyttast, og bli ein del av Vg2 helsearbeidarfaget utan at det blir nødvendig å opprette nye klassar der.

Sogn og Fjordane har berre ei halv gruppe med 6 plassar på dagens Vg2 ambulansesfag, og fylkesdirektøren meiner det vil vere plass til desse elevane i dagens tilbod i Vg1Helse- og oppvekstfag og Vg2 Helsearbeidarfaget.

Helsedirektoratet har i rapporten *Kompetansekrav i ambulansesfag* estimert kostnadane for førarkort klasse C1 til ca 30 000 kr. Kurs i utrykkingskøyring (kode 160) har ein kostnad på mellom 14 000 og 23 000 kr. Fylkesdirektøren støttar forslaget om at kostnaden på totalt ca 50 000 kr skal dekkast av lærebedrifta.

Finansiering av vidaregåande opplæring er slik at fylkeskommunen dekker tre års opplæring, og ei utviding av læretida vil såleis føre til ekstra lønskostnader for lærebedrifta.

I lærefag etter 2+2-modellen tilsvarer dei to siste åra 1 år opplæring og 1 år verdiskaping. Lærlingtilskotet blir delt på begge åra, slik at tilskotet som dekker eitt års opplæring blir fordelt på 24 månader. Årleg basistilskot I på kr 153 053,- vil dermed utgjere kr 6 377,- i 24 månader.

I lærefag med særlop, med tre års opplæring i skule (t.d. automatiserings- og dataelektronikarfaget), har lærebedriftene ikkje krav på lærlingtilskot. Opplæring på Vg3 blir her gitt i skule, og berre verdiskapingsdelen står att siste tida i lærebedrift. Fylkeskommunane kan likevel gjere vedtak om å betale lærlingtilskot også til slike avviksfag, sjølv om dette ikkje er pålagt. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilskot til læretida også i desse avviksfaga, som basistilskot II med 59 811 kr i året/4 984 kr pr månad.

Ein modell med 3 år i skule og 2 år i bedrift vil medføre auka utgifter for fylkeskommunen med eitt år meir i skule. Dei to åra i bedrift vil utløyse basistilskot II etter gjeldande praksis i Sogn og Fjordane.

5. Fylkesdirektøren sine vurderingar og konklusjon

Ulike utfordringar for ambulansesfaget og behov for endringar:

Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforordning) (Akuttmedisinforordning)

§ 11 i forskrifta omhandlar krav til bemanning og helsefagleg kompetanse i ambulansetenesta: Ambulansebil som yter ambulansetenester skal vere:

- bemanna med minst to personar, der minst ein skal ha autorisasjon som ambulansearbeider
- der det er berre ein ambulansearbeidar, må den andre personen ha autorisasjon eller lisens som helsepersonell og nødvendig ambulansesfagleg kompetanse
- begge personane skal ha:
 1. førarkort for køyretøyklassen (klasse C1 lett lastebil)
 2. kompetansebevis for førarar av utrykkingskøyretøy (kode 160)
 3. autorisasjon eller lisens som helsepersonell

Helse og omsorgsdepartementet (HOD) sitt rundskriv I-5/15

Rundskriv I-5/15 av 30. april 2015 [Rundskriv I-5/15](#) framhevar dei strengare krava.

Krav til autorisasjon eller lisens

Eit viktig mål med kravet om at den med best medisinsk kompetanse på ambulansen kan ta seg av pasienten i ambulansen handlar om pasientsikkerheit. Det blir stilt krav som gjer det muleg at pasienten kan overvåkast og få behandling av den som er mest kompetent når dette er nødvendig, i staden for at denne må vere sjåfør.

Krav i utrykkingsforordninga

Forskrifta omhandlar krav til førar av utrykkingskøyretøy under utrykking, opplæring og prøve. Den regulerer også krav til kompetansebevis for utrykkingskompetanse og vedlikehald av denne. Utrykkingsforordninga § 6 stiller følgjande vilkår for erverv og utskrivning av kompetansebevis for utrykkingskøyring:

- a) dokumentere at helsekrav for førarrett i klasse D er oppfylt gjennom skjema NA0202
- b) ha fylt 20 år
- c) ha hatt førarrett for klasse B uavbrote i dei siste 2 år
- d) dokumentere arbeidsforhold eller frivillig arbeid som medfører utrykkingskøyring eller vere under eller ha gjennomført utdanning der erverv av kompetanse i utrykkingskøyring er relevant. Dokumentasjonen skal ikkje vere eldre enn 6 månader

Den som skal få kompetansebevis for utrykkingskøyring må i tillegg:

- a) ha gjennomført all obligatorisk opplæring for utrykkingsssjåførar

- b) ha bestått teoretisk og praktisk uttrykingsprøve etter reglane i § 30 og § 31
 c) ikkje ha fylt 65 år ved første gangs utskriving

Krav om førarkort for aktuell køyretøyklasse

Akuttmedisinforakrifa krev også at personar som bemannar ambulansen skal ha førarkort for aktuell køyretøyklasse. I dag er det vanleg at ambulansenesta nyttar køyretøy som krev førarkort klasse C1. Det er t.d. vanleg å stille krav om C1 ved utlysing av stillingar i ambulansenesta. Kravet om førarkort for aktuell køyretøyklasse inneber difor at førarkort klasse C1 blir ein del av fagutdanninga i ambulanséfaget. Det er likevel viktig at dei køyretekniske delane ikkje skal vektleggast på kostnad av dei helsefaglege delane av utdanninga.

Fullverdig yrkeskompetanse

Ambulanséfaget etter dagens modell 2+2 gir ikkje gir fullverdig yrkeskompetanse, då den ikkje inneheld opplæring i uttrykingskøyting. Arbeidsgivarar stiller krav om at søkarar som ambulansesarbeidar i tillegg til autorisasjon i ambulanséfaget skal ha kompetansebevis for uttrykingskøyting og C1-sertifikat.

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag foreslår altså å auke opplæringa frå 2+2 (2 år i skule og 2 år i bedrift) til 2+3 (2 år i skule og 3 år i bedrift), og i tillegg at Vg3 ambulanséfaget skal rekruttere frå Vg2 helsearbeidarfaget i staden for Vg2 ambulanséfag som i dag.

Det er viktig at endringar i innhald og struktur for å tilfredsstille krava i akuttmedisinforakrifa vil imøtekomme framtidias krav til fagkompetanse i ambulansenesta. Fylkesdirektøren er usikker på om Vg2 helsearbeidarfaget er heilt relevant for slik kompetanse, så kanskje vil det vere behov for spesiell opplæring i ambulanséfaget. Fylkesdirektøren meiner difor modell 3 + 2 må vurderast, med 3 år i skule og 2 år i lære. Tredje året i skule må då vere veksling mellom skule og bedrift i tett samarbeid, men med skule som hovudansvarleg dette året.

Utfordringar knytt til alder

Fleire av helseforetaka som har flest lærlingar i ambulanséfaget har begynt å stille krav til alder, noko som medfører at mange elevar som søker læreplass etter dagens VG2 ambulanséfag ikkje er kvalifiserte som søkarar. Auka krav til alder vert grunnigitt med m.a. faget sin eigenart, at lærlingar må kunne delta på alle typar oppdrag og situasjonar, fordi lærebedrifta i mindre grad kan legge til rette for ein opplæringsituasjon tilpassa lærlingen sin mogning.

Den foreslåtte modellen vil langt på veg imøtekomme aldersproblematikken, fordi eit ekstra år i lære gir større muligheit for å legge til rette for opplæring tilpassa den enkelte sin alder og mogning.

Utfordringar knytt til rekruttering

Samfunnet har store utfordringar i å rekruttere tilstrekkeleg personell til helsetenesta. Med rekruttering til ambulanséfaget frå helsearbeidarfaget, som er tilgjengeleg over heile landet, er det å håpe at ein vil rekruttere tilstrekkeleg personell frå dei distrikta der det er ambulansestasjonar.

Utfordringar knytt til balansert kjønnsmessig rekruttering

Det er å håpe at den nye modellen for faget, med eit breiare rekrutteringsgrunnlag, vil gi ei betre balansert kjønnsmessig rekruttering. Det er viktig å få fleire menn inn i faget også fordi det viser seg at fleire av jentene ikkje er fysisk sterke nok til å bære pasientar. I Helse Førde i dag er det 3 menn og 11 kvinner blant lærlingane med ungdomsrett, og denne ubalansen kan til tider vere langt større. Fylkesdirektøren meiner det difor bør vurderast å innføre fysiske krav for inntak.